

Rapport frå arbeidet i CEN/TC164/WG9 – Kjemikalie til handsaming av drikkevatn

*Ved Karl-Jan Erstad fra Rådgivende Agronomar AS
og Dag Hongve fra Nasjonalt Folkehelseinstitutt*

Introduksjon

Arbeidsgruppa 9 (Vassverkskjemikalie) hadde sitt 40. møte i Helsinki 10. juni 2010, med MetSta (Mechanical Engineering and Metals Industry Standardisation) i Finland som vertskap. Oppdragsgruppene som arbeider med desinfeksjonsmiddel (TG6) og kjemikalie for symjebasseng (TG11) hadde hatt sine tekniske særsmøte dagen før.

Hovudmøtet 10. juni samla 19 deltakarar frå 7 land: Frankrike (5), Tyskland (5), Storbritannia (2), Nederland (1), Spania (1), Finland (3), Noreg (2).

Finland stilte naturleg nok sterkt på dette møtet, men også i det ålmenne er WANDER, Det finske instituttet for drikkevatn, svært aktivt. Det søker store europeiske prosjekt. Nord-Europa har elles mykje felles med surt, humøst drikkevatn, og ekspertane søker saman.

Eit stort tal standardar til 5-årsrevisjonar pregar arbeidet til WG9, men også nokre heilt nye arbeidstema låg til drøfting.

Faremerking av kjemiske produkt som følge av REACH-direktivet var eit stort og samansett tema, idet dette grip inn i omfang av merking med nye HMT-setningar som vert sett ut livet pr. des. 2010.

Al- og Fe-salt til flokkulering

Oppdragsgruppe 2 (TG2) under finsk leiing (Mrs. Niina Vieno) hadde hatt arbeidsmøte, og jern(III)sulfat (prEN 890) har gått til CEN-høyring (teknisk høyring) etter endringar av pkt. 6.2 (HMT-setningar).

Den store produsenten i Norden, Kemira, hadde fått gjennomslag for sitt

framlegg om at det måtte visse justeringar til i standarden for Fe(III)-sulfat i fast form, spesielt i krav til vassuløseleg del.

Basiske pH-regulatorar og NaCl til ionebytting og elektroklorinering ved membranteknikk

Frå Oppdragsgruppe 3 (TG3) under nytt fransk leiarskap (Mr. Olivier Turbet De- lof) var det meldt at NaCl for ionebytta- rar (EN 973) er godtatt og publisert som oppdatert og revidert standard.

NaCl for elektroklorinering på staden – ved bruk av membranceller – hadde ei lang stund stått som prearbeidstema, og vert med dette offisielt arbeidstema, etter at utkastet til standard faktisk er klart.

Det vert 5-årsrevisjon av 3 basiske pH-regulatorar: NaOH, Na₂CO₃, NaHCO₃.

Svovel-, fosfor- og ammoniumsambindingar

Det er tidlegare meldt at denne opp- dragsgruppe TG3 er oppløyst, og oppgå- vene overført til TG9. På denne tida viser dette seg å vere ein krevjande situa- sjon, for mange standardar må igjennom 5-årsrevisjonar. Det er ført opp 10 stan- dardar.

Det tyske selskapet Lanxess er produ- sent av nesten alle kjemikalia, og det er rimeleg at dette kan stille med ny leiar for oppdragsgruppa.

Eit særleg problem har oppstått når det gjeld EN 15030:2006: AgNO₃ til handsaming av vatn for mellombels eller tidvis bruk (t.d. cisterner). Det ligg føre ein konflikt med EU sitt Biociddirektiv. Produsenten (i Sveits) har nok gløymd å

melde AgNO₃ inn i den no lukka lista over produkta i Biociddirektivet. Det samme gjeld Ag₂SO₄, men ikkje AgCl. Storbritannia vil fremme forslag om å trekke EN 15030:2006, og det vil berre kunne fremmast som nytt arbeidstema (WI) dersom det på nytt får sin plass i Biociddirektivet, etter fremjing av full *dossiers* (komplett dokumentasjon).

Kalkprodukt

Det var møte i TG5 i Köln i april 2010, under leiing av den tyske Mr. Norbert Peschen frå OMYA. Nokre ekspertar – også den norske Dr. Karl-Jan Erstad – vart sittande oskefaste undervegs.

Standarden for analysemetodar (prEN 12485) var på dette tidspunktet endeleg godkjent og publisert etter ein lang revisjonsperiode, med ulike utvi- dingar.

Standarden for CO₂ (EN 936) treng no ein omfattande revisjon, spesielt grunna utvidinga på analyseside for medfølgande gassforureiningar. Yara In- ternational vil verte sterkt oppmoda om deltaking med sine ekspertar.

MgO (granulert, aktiv tilstand) – prEN 16004 – og dolomitt (ubrent, rådo- lomitt) – prEN 16003 – har vore på CEN-høyring, og pkt. 6.2 (HMT-setnin- gar) må oppdaterast før Formell Røys- ting (FV).

Det vart gjort vedtak om nytt arbeids- tema: Brentdolomitt (Dolime). Dette har bruksområde mineralisering av av- salta sjøvatt, som til vanleg har vorte svært minerefattig i avsaltingsproses- sen. Dette vert tema for nytt møte i TG5 i Köln i byrjinga av november 2010.

Desinfeksjonsmiddel

Den franske leiaren i TG6, Mr. Bernard Leroy, kunne melde at 3 standardar er ferdige som dokument og godkjent og publisert: Cl_2 , O_3 , CH_3OH .

Eitt standardutkast er på CEN-høy- ring: Natriumhydrogensulfat.

Eitt anna standardutkast har gått til UAP-prosess (samanslått CEN-høy- ring og Formell Røysting): Kalsiumhypoklo- ritt.

Ein siste standard går til 5-årsrevi- sjon: Natriumklorat.

Skalldannings- og korrosjonshindrarar

Etter mangel på leiar i TG7 ser tyskarane ut til å kunne løyse dette med ein kandi- dat innan sitt land. Det er i desse dagar venta på endeleg stadfesting frå DIN. Truleg vert det frå produsenten Buden- heim.

5-årsrevisjon for natriumsilikat (prEN 1209) skal gjerast som ei samordning med matvarestandardisering.

Organiske hjelpemiddel til koagulering

Na-alginat og Modifisert stivelse er fer- dige og publiserte som reviderte stan- dardar, respektive som EN 1405 og EN 1406, under TG8 sitt ansvarsområde med Dr. Ungeheuer som leiar.

Dr. Dag Hongve (N) fremja eit norsk ønske om standardisering av chitosan som flokkulant og koagulator. Noreg må likevel fremje eit offisielt arbeidstema, med klart gitt føremål i dokumentet ved førespurnad.

Uorganiske støtte- og filtermateriale

Den britiske leiaren i TG9, Mr. Peter Jackson, noterte at naturleg zeolitt (prEN 16070, WI 16447) var noko forseinka på CEN-høy- ring.

8 standardar skal på denne tida på 5-årsrevisjon: Jern(III)oksid og -hydrok- sid, ekspandert aluminosilikat, pimp- stein, antrasitt, granat, barytt, diato- méjord i pulverform, og perlit i pulver- form.

Når det gjeld potensielt nye arbeids- tema, var det få respondentar på titan- dioksid, TiO_2 (N1200, N1202). Tyskland og Storbritannia hadde meldt seg, og med eit visst atterhald også Noreg og Sverige. Ein treng 5 medlemsland for å starte eit standardiseringsarbeid innan CEN.

Det aktuelle filtermaterialet på mark- naden er GTO – *Granulated Titanium Oxide* – eit spesialprodukt for As-ab- sorpsjon. Eit aktuelt krav er <10 ppb As i drikkevatn.

Mangan(II)kloridhydrat ($\text{MnCl}_2 \cdot x \text{H}_2\text{O}$) (N1193, N1199) er eit kjemikalie ein skal felle på filtersand for absorpsjon av nik- kel i drikkevatn.

Kjemikalie for symjebasseng

Ifølge den franske leiaren i TG11, Mr. Xavier Darok, er totalt 50 standardar pu- blisert frå tidlegare, og 4 nye standardar er godkjent og publiserte siste året. *Meir* enn 4 nye standardutkast er no klare for innskriving som arbeidstema (WI).

lonebyttar-resinar, chelaterter

Desse chelaterande massane har som viktigaste oppgåve å fremje Ni-adsorpsjon på filtermassar. Lanxess, Dr. Stefan Neumann (leiar i TG12) sin arbeidsgivar, er den store produsenten.

Det har vore grunnleggande problem ved utarbeiding av standardane. Dr. Neumann har brukt ein del tyske og franske metodestandardar, fordi han fann at desse vart mest tenlege. Men WG9 som standardiseringsgruppe har avvist dette, med strenge krav om berre å nytte metodar som er gitt som EN- eller ISO-standardar.

Dette har medført at standardiseringsarbeidet har stått i stampe. Dersom ein vil inkludere nye eller supplerande metodar i eksisterande standardar, må TC164/WG9/TG12 gå til TC164/WG3, som arbeider med materiale i kontakt med drikkevatt, for metoderevisjonar. Dette vil ta tid.

Risikoåtvaringar for kjemikalie

Ny CLP-regulering (CPD – Kjemiskproduktdirektiv) har vore tema gjennom 10 år, og det er no svært omfattande grunna REACH.

Skulle ein no i standardane berre bruke det omfattande kodesystemet el. 9 ulike faresymbol?

Frå den franske sekretæren si side (Mrs. Karine Dari, AFNOR) vart det på-

peikt fare for å skrive og kopiere inn feil kodar, idet systemet vart så omfattande, og det skulle settast ut i livet i så mange medlemsland.

Problem med dei nye risiko- og helse-setningane (T-, N-, R- og S-setningar) er at det er faktisk usemje om kodane under REACH-direktivet.

System og organisering i standardane (til vanleg pkt. 6.2) er viktig for at det fort vert sett og forstått av brukarane av standardane. I lys av dette vart det vedtatt å bruke klassifisering ved kodar + evt. faresymbol (9 aktuelle). Eit raskt overblikk i standardane ville raskt gi eit inntrykk av faregrad for brukarane av standardar og vedkommande kjemikalie. Dette kan vere avgjerande for vurdering av aktuelle og alternative kjemikalie til bruksføremålet, og vidare vil ein finne detaljar i produktatablad og tryggleiksdokument (HMT/MSDS-datablad).

Kjemiske enkeltsubstansar er regulerte f.o.m. 2010. Kjemiske blandingar vert det neste store steget, og skal regulert innan EU f.o.m. 2015.

Neste møte

Det 41. møte i CEN/TC164/WG9 vert torsdag 26.05.2011, anten primært i Delft, Nederland – eller sekundært i Paris, Frankrike.